



# RØLDAL FJELLSTYRE

## ÅRSMELDING 2023



Figur 1: Rekrutteringstur med Røldal skule til Hedlevass (Foto: Røldal Skule)

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: [leiar.roidal@fjellstyrene.no](mailto:leiar.roidal@fjellstyrene.no) Sekretær: n/a - epost: [roidal@fjellstyrene.no](mailto:roidal@fjellstyrene.no)

[www.hardangervidda-fjellstyra.no](http://www.hardangervidda-fjellstyra.no)

## Innhold

<b>1. Røldal statsallmenning</b> .....	<b>3</b>
<b>2. Røldal fjellstyre</b> .....	<b>3</b>
<b>3. Hytter og stølar</b> .....	<b>4</b>
<i>Hytter:</i> .....	<b>4</b>
<i>Stølar</i> .....	<b>6</b>
<b>4. Villreinjakt</b> .....	<b>7</b>
<i>Setesdal-Ryfylke (Ullensvang SR84 og Ullensvang SR85)</i> .....	<b>7</b>
<i>Hardangervidda (HA280)</i> .....	<b>7</b>
<b>5. Småviltjakt</b> .....	<b>8</b>
<b>6. Fiske</b> .....	<b>10</b>
<b>7. Tenestekjøp</b> .....	<b>11</b>
<b>8. Ymse</b> .....	<b>12</b>
<b>9. Saker behandla i 2023</b> .....	<b>14</b>



Figur 2: Opprydding av rape ved Reinstjødna i oktober 2023. (Foto: S.Lund)

## 1. Røldal statsallmenning

Røldal statsallmenning ligg i Ullensvang kommune i Vestland fylke og er omlag 349 000 dekar høgfjell. Delar av allmenningen ligg innanfor Hardangervidda nasjonalpark. Noko av allmenningen ligg syd for E-134 over Haukeli. Mykje av allmenninga ligg langt frå allfarveg. Fjellstyret har 4 hytter som ålmenta kan nytte og 3 stølar. Stølane vert utleigd saman med beite og bidreg til eit aktivt støsliv i fjellet.

## 2. Røldal fjellstyre

Fjellstyret for perioden 2019 – 2023 har følgjande samansetjing:

Leiar:	Tor Helge Haara Tjemsland	- vara: Svein Myrheim
Nestleiar:	Håkon Småbrekke	- vara: Heine Eikemo
Styremedlem:	Randi T. Legård	- vara: Britt B. Solbakken
Styremedlem:	Anne Marie G. Rabba	- vara: Kati Must Nybø
Styremedlem:	Andre Botnen	- vara: Jan Øvregård

Sekretærarbeidet vart i 2023 utført av Steinar Lund frå Hardangervidda Fjellopsyn.

Fjellstyret har hatt 4 styremøte i 2022 og handsama 38 saker. Fjellstyreinformasjon ligg på heimesida til Fjellstyra på Hardangervidda AS (FH). All småviltjakt og hovuddelen av alle fiskekort vart i 2023 seld på Inatur.no. Reinsjakta vart seld av fjellstyre, med søknad via mail.

Røldal fjellstyre har følgjande samarbeidspartar:

- Fjellstyra på Hardangervidda AS (FH)
  - o Seks fjellstyre er med her:
    - Røldal fjellstyre
    - Ullensvang fjellstyre
    - Ulvik fjellstyre
    - Eidfjord fjellstyre
    - Øvre Numedal fjellstyre
    - Rauland fjellstyre.
  - o I tillegg har òg Hardangervidda Grunneigarsamskipnad ein liten eigarandel.
- Noregs Fjellstyresamband (NFS)
  - o Alle dei 94 fjellstyra i Norge er med i NFS.



### 3. Hytter og stolar

Fjellstyret har tre hytter på Hardangervidda. Desse er opne frå 15. juni til 15. oktober, og vert nytta til jakt, fiske og friluftsliv. Fjellstyret har vedtatt å halde hyttene stengt i vinterhalvåret får å redusere ferdselen på Hardangervidda med omsyn for villreinen. Det vert likevel noko bruk av hyttene om vinteren, då dei ein må nytta dei i samband med vedlikehald og liknande. Hyttene er utstyrt omlag som ei turisthytte.

Hytteleige:

- Overnatting per døgn:
  - Innanbygds: kr. 100,-
  - Utanbygds: kr. 200,-
  - Studentar (mellom 20 - 15 år): kr. 50,-
  - Under 20 år: Gratis

Oppbevaringsboks: kr. 250,- per år - kr 1000 for 5 år

Hytteleige og bokseleiga betalast på bankgiro eller Vipps.

#### **Hytter:**

Ninive - 1204 m.o.h

Hytta ligg ved Holmavatnet ved stien som går til Litlos. Den er omlag 30 m<sup>2</sup> og har åtte senger.

Hytta vart totalrenovert utvendig i 2021. I løpet av 2022, er det gjort noko mindre utbetringar inn hytta. Ein har blant anna bytta ut deler av kjøkkenseksjonen, samt fått rydda godt i bislaget.

Det vart i løpet av våren sett opp eit nytt uthus (Fig.3). Olav Hagen vart leigd til å utføre dette arbeidet. I løpet av sommaren vart det lagt ned ein del arbeid for å grave ut under hytta, slik at ein kunne støype kompostkum. Ein må vidare dele av uthuset innvending, og snikkere dassfasiliteter.

Det står att ein del utearbeid rundt hytta og uthuset.



Figur 3: Nybygg på Ninive (Foto: THH Tjemsland)

### Eriksbu - 1167 m.o.h

Eriksbu finn me ved Nedre Hedlevatn like sør for Sandvikenuten. Den er omlag 35 m<sup>2</sup> og har 12 senger.

I løpet av våren 2023 vart det gjort eit større utvendig renoveringsarbeid på Eriksbu (Fig. 4). Ein bytta alle vindauger, vindtetta og skifta kledning. I samband med dette vart det då òg gjort nokre utbetringar innvendig. Viktigast var truleg utbetringane av eldstadene, som no gjer at hytta oppfyller moderne brannvernkrav.

Ein oppgraderte i tillegg solcelleanlegget, til eit moderne anlegg. I løpet av seinsommaren vart det gjennomført ein vaskedugnad, samtidig som ein klargjorde hytta til jakta.



Figur 4: Nesten ferdig med utvendig renovering (Foto: O.Hagen)

### Gamlabua - 1167 m.o.h

Hytta finn me i vestenden av Øvre Hedlevatn, like nord for turisthytta. Den er omlag 25 m<sup>2</sup> og har 6 senger.

I løpet av våren fekk ein endeleg rydda ut av steinbua, og køyrt heim mykje rape. Også i denne hytta var det leigd inn fagfolk til å modernisera eldstaden.

### Ulevåbotnen - 976 m.o.h

Stølen ligg ved vestenden av Ulevåvatnet. Der er fjøs, sel og vedaskut.

Noverande fjellstyre vurderar framtidige løysingar for hytta. Som ei midlertidig løysing har difor hytta dette året vorte lånt ut tilnærma vederlagsfritt.

## **Stølar**

Ståvassvika, Midtfjellsvollen og Hadlene har 10-årskontraktar for å tilfredsstilla krav for å kunna oppretta beitelag. 2023 er siste året av noverande kontrakt. Alle leigetakarane har takka ja til ei forlenging på eit år, medan fjellstyret vurderer korleis ein skal utforme leigekontraktane vidare.

### Ståvassvikja - 976 m.o.h

Stølen ligg ved Ståvatnet på Haukeli søraust for foten av Sveigen. Der er fjøs, sel og vedaskut. I mange år har eigedomen vore nytta til sauebeite.

### Midtfjellsvollen - 976 m.o.h

Stølen ligg ved Ulevåvatnet på Haukeli. Det er plass til meir enn 100 geiter. Drift med geit kvar sommar.

### Nupshadlene - 976 m.o.h

Ein modernisert støl med stort fjøs og kokeanlegg for ost ved Ulevåvatnet. Gammalt sel, vedaskut og aggregathus, samt ei lita hytte. Drift med geit kvar sommar.

## 4. Villreinjakt

### Setesdal-Ryfylke (Ullensvang SR84 og Ullensvang SR85)

Jakttida var frå 20. august til og med 30. september.

CWD-situasjonen på Hardangervidda medførte at myndigheitene innførte tiltak for å forhindre reinsdyra å nytte store delar av Røldal Statsallmenning nær E-134. Forvaltninga hadde også eit ynskje om å redusere bukkeandelen i stamma og det vart tildelt unormalt mange valfrie dyr.

Ei samla vurdering ut frå dette, gjorde at fjellstyret vedtok å selje fellingsløyver til eit avgrensa tal innanbygdsbuande. Alle fellingsløyva vart fordelt i 8 forskjellige «kortpakkar», kor alle jegerane fekk tildelt kvart sitt fellingsløyve på valfritt dyr.

Kvar kortpakke vart seld for kr 2000.

#### Tildelte fellingsløyver:

- Røldal Statsallmenning (Ullensvang SR84) – 7 frie dyr, 6 kalvar, 3 simler
- Breifonn Statsallmenning (Ullensvang SR85) – 1 frie dyr, 1 kalvar, 1 simler

Det vart felt 5 vaksne bukkar og 1 simler på fellingsløyva utskrevet på Røldal Statsallmenning (Ullensvang SR84). I tillegg vart det registrert felling på 1 simla på fellingsløyva skrevet ut på Breifonn Statsallmenning (Ullensvang SR85).

### Hardangervidda (HA280)

Jakttida var frå 20. august til og med 20. september.

CWD-tiltaka langs E-134 vart vurdert til å øydelegge store jaktområder på Røldal Statsallmenning. Det vart difor vedtatt å setje eit tak på om lag 90 jegerar på Røldal Statsallmenning. Det vart også bestemt å ikkje selje til fleire enn 20 utanbygdsjegerar. Då reinsdyrstamma no er mindre enn ynskjeleg, medan CWD-situasjonen medfører eit ynskjer om liten andel storbukk, var det i 2023 berre jakt på vaksen bukk.

Fjellstyret hadde samjakt med HA290 gjennom heile jakta. Det vart frå 06. september opna for ein avgrensa samjaktavtale med Ullensvang SA.

Då fjellstyret vurderte jakta i 2023 til å vere svært utfordrande, og difor mindre attraktiv, vart det vedtatt å la jegerane velje om dei ville kjøpe eit eller to løyver. Ein selde og fellingsløyva til ein unormalt låg pris. Det var mogleg for jegerane å kjøpe ekstraløyver etter behov.

#### Tildelt:

165 bukkar.

### Prisar på fellingsløyve for rein i 2023:

1 vaksen bukk:	kr 1 500
2 vaksne bukkar:	kr 2 300
Ekstra løyver:	kr 800
Fyrste-gongsjeger:	gratis
Studentpris:	kr 750

Utanbygdsjegerar vart tilbydd ein pakke på 2 vaksne bukkar til kr 4 600.

### Oversikt felte dyr i 2023 på Hardangervidda villreinområde på løyvene tildelt HA280:

	Kalv	1 1/2 år	2 1/2 år og eldre	Sum
Hanndyr	0	0	32	32
Hodyr	0	0	0	0
Sum	0	0	32	32

### Inntekt:

**Det vart i 2023 ei samla inntekt frå sal av fellingsløyver på reinsdyr på kr 268 200. Ein hadde i tillegg ei inntekt på kr 6 050 i samband med overgongsavtalane.**

## **5. Småviltjakt**

Vedtak (18/23): Jaktreglane og ordninga for småviltjakta blir vidareført frå 2022/23-sesongen, og blir gjort gjeldande inntil vidare:

1. Det opnast opp for rjupejakt/småviltjakt f.o.m. 1. oktober t.o.m. 28. februar. Jaktkorta vert lagt ut for sal på Inatur 01.06 kl. 09:00.
2. Jakt med hund er ikkje tillate, dette gjeld og hund i band.
3. Det opnast ikkje opp for jakt på hare.
4. Det kan skytast 2 rjuper per dag per jeger. Ikkje høve til å samle opp frå dag til dag.
5. Jegerar mellom 16 - 20 år kan kjøpe dagskort med ungdomsrabatt.
6. Jeger under 16 år (opplæringsjakt), jakter gratis med veileidar. Opplæringsjeger vil, etter avtale med fjellstyre, få ein kvote på 1 rjupa per dag. Veileidar må ha løyst ordinært jaktkort.
7. Fjellstyret tilbyr smårovviltkort. Jaktkortet er gyldig f.o.m. 1. mars t.o.m. 30. september.
8. Det opnast for jakt på Kanadagås i jakttida for denne. Ein kan jakte Kanadagås både på smårovviltkortet og småviltkortet.
9. Fellefangst av villmink er vederlagsfritt etter avtale med fjellstyret. Leiar får fullmakt.



### Korttyper og varigheit:

- Det skal vere ei tilnærma 60/40 fordeling av kort i favør innanbygds.
- Det skal vere tilbod om eit gratis dagskort til dei som har teke jegerprøva inneverande år.
- Ein skal prøve å avgrense talet på jegerar til maks 30 pr dag gjennom året. Ein opnar for noko fleir jegerar i oktober. Tildeling av korttyper skal gjerast på ein slik måte at ein oppnår dette.

	Innanbygds	Utanbygds
Sesongkort 01.10-28.02	9	6
Vekekort, periode 1 - 01.10-07.10	15	15
Vekekort, periode 2 - 08.10-14.10	15	15
Vekeskort f.o.m. 15.10 t.o.m. 28.02	2*	2*
Dagskort f.o.m. 01.10 t.o.m. 14.10	3*	2*
Dagskort f.o.m. 15.10 t.o.m. 28.02	10*	10*
Smårovviltkort	Ubegrensa	Ubegrensa

\*Øvre grense for selde kort per dag

### Prisar for småviltjakt på Røldal SA sesongen 2023/2024

Dagskort: 280,-

Vekeskort: 1 580,-

Sesong: 2 000,-

Smårovviltkort: 50,-

- Det er 75% rabatt for ungdomskort, samt halv pris for innanbygds.

I løpet av sommaren 2023 vart det klart at Statskog freda rjupa på alle deira eigedommar for sesongen 2023/2024, som ein konsekvens av dårlege takseringsresultat. Blant mange av våre naboeigedommar, vart det òg vedtatt freding, strengare «bag-limit», eller redusert sal av fellingsløyver. Fjellstyret vedtok i sak 36/23 å stoppe salet av nye fellingsløyver for jaktseongen 2023/2024.

<b>Sal småviltkort 2023</b>		
		Totalt kjøpt
Innanbygds	Sesong*	7
	Veke	0
	Dag	2
	Smårovvilt	0
Utanbygds	Sesong*	6
	Veke	16
	Dag**	201
	Smårovvilt	11
<b>Totalt sal:</b>		<b>243</b>

\*Talet på sesongkort gjeld berre dei sold for jaktseongen 2023/2024

\*\*Det vart sold totalt 68 dagskort mellom 01.01 og 28.02

### Inntekt:

Det vart i 2023 ei samla inntekt frå sal av småviltkort på kr 89 635.

## 6. Fiske

Fjellstyret fekk i 2023 endeleg løyve frå Statsforvaltaren i Vestland til fiskeutsetting innanfor Hardangervidda nasjonalpark. Ein fekk eit fleirårig løyve, som gjer det mogleg å setje ut fisk i Nordre og Sørø Steggjavotna, Øvre og Nedre Longevotna, Høsingvatnet, Holmavatnet, Vassdalsvatnet og Tangensjøen. Løyvet gjeld to fiskeutsettingar, i tidsperioden 2023 til og med 2033.

Fjellstyret nytta høvet, og sat i 2023 ut 300 fisk i Nordre Steggjavotna og 200 fisk i Sørø Steggjavotna.

### Prisar:

#### Garnfiske – berre for innanbygds (Gjev òg rett til stongfiske)

Sesong: kr 250

Familiekort: kr 400

Ungdom: kr 65

#### Garnfiske – utanbygds (gjeld berre i Votna. Gjev òg rett til stongfiske.)

Døgnkort: kr 200

### Stong

1 døger kr. 110,-

3 døger kr. 290,-

Veke kr. 390,-

Sesong kr. 790,-

Røldal statsallmenning har felles fiskekortordning med Ulvik, Ullensvang og Eidfjord statsallmenning på Hardangervidda.

### Fellesfiskekort

Veke 600,-

Sesong 1200,-

Det vart til saman seld 54 sesongkort og 240 vekeskort. Inntektene til Røldal fjellstyre frå sal av fellesfiskekortet var kr 14 410 (5.99 % av total omsetning).

### Inntekt:

**Det vart i 2023 ei samla inntekt frå sal av fiskekort på kr 72 090.**

## 7. Tenestekjøp

### Tjenestekjøp Røldal fjellstyre, 2023

1. Refusjonsberettiga arbeid	Time- verk	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
<b>OPPSYN, info, veiledning, kontroll og tilsyn-feltarbeid:</b>				
Fiske:	0			
Småviltjakt:	0			
Anna:	0			
* Villreinjakt:	13.9			
		<b>583</b>	<b>13.9</b>	<b>8104</b>
<b>SKJØTSEL, ikkje inntektsgjevande- feltarbeid:</b>				
Fiskekulturarbeid:	0			
Transport: (inkl. kjøring til møter)	0			
Tilsyn-hytter:	22			
Reperasjon/vedlikehald av hytter:	0			
Renovasjonsarb.:	38.5			
Synfaringar og anna:	0			
		<b>583</b>	<b>60.5</b>	<b>35272</b>
<b>FAGLEG saksbehandling- kontorarbeid:</b>				
	132			
		<b>423</b>	<b>132</b>	<b>55836</b>
<b>ANNA, refusjonsberettiga- kontorarbeid:</b>				
	51			
* Villreinjakt s:	4			
** HF drift	82.5			
		<b>423</b>	<b>137.5</b>	<b>58163</b>
<b>Andre kostnader:</b>				
		<b>SUM</b>		<b>157374</b>

### 2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid

Sal av jakt og fiskekort m.m:

1

Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
<b>735</b>	<b>1.0</b>	<b>735</b>

**Kostnad for fjellstyret: (inkl. mva)**

<b>kr</b> <b>158 108.70</b>
--------------------------------

\* Kostnader i samband med villreinjaktoppstyret er fordelt etter areal mellom fjellstyra

\*\* Timverk HF drift er fordelt etter fjellstyret sitt timetal i høve til samla tenestekjøp hjå alle fjellstyra (refusjonsberettiga timar).

## 8. Ymse

### Røldalsmarknaden

Fjellstyret hadde eigen stand, kor ein nytta høvet til å dele ut jaktkort til reinsjakta, samtidig som ein hadde eit jaktlotteri, bildekonkurranse. I tillegg er dette ein ypparleg anledning for fjellstyret til å gje brukarane, og andre interesserte, informasjon om aktuelle saker om statsallmenninga. Frå Fjellstyret sin ståstad var dette var eit velluka arrangement!

### Rekrutteringstiltak

Fjellstyret inngjekk i 2023 eit samarbeid med Røldal Skule om gjennomføringa av fleire rekrutteringstiltak bygd opp rundt jakt, fiske og friluftsliv. Det vart gjennomført tre forskjellige tiltak:

- Fyrste del var ei «teoretisk» gjennomføring kor underteikna gav ungdomskuleelevane ei innføring i fjellstyresystemet, og deira moglegheiter til jakt, fiske og friluftsliv i statsallmenninga.
- I andre omgang, var heile ungdomsskulen på overnattingstur til Hedlevass på Hardangervidda. Der var planen at elevane skulle fiske, og lære seg å foredle fangsten. Turen vart gjennomført i byrjinga av reinsdyrjakta. Elevane var med å felte ein elg på veg inn (Fig. 1). Ei historisk hending, då dette er den fyrste elgen felt på Røldal statsallmenning gjennom ordinær jakt. Elevane fekk indrefilet og hjerta til middag, noko som må seiast å vere eit sær sars vellukka døme på kva kortreist mat faktisk er. I løpet av vinteren hadde fjellstyret transportert inn brus og sjokolade til elevane.
- Siste del av gjennomføringa var ein felles turdag for heile skulen (1. til 10. trinn – totalt 45 elevar). Turen vart lagt til Ståvassvikja på Røldal statsallmenning. Fisking var hovudaktiviteten på denne utflukta – fjellstyret sørgja for transport og utlån av fiskeutstyr til dei elevane som trengte det.

Til gjennomføring av dette prosjektet vart fjellstyret tildelt kr 10 000 av Norges Fjellstyresamband/Miljødirektoratet. Fjellstyret takkar for tildelinga.

### Støtte

- Fjellstyret fekk i 2023 utbetalt kr 100 000 av Sparebankstiftinga Hardanger og kr 114 500 frå Grunneigarfondet (Statskog) som støtte til bygginga av uthuset på Ninive. Desse midlane var tildelt i 2022.
- Frå Ildsjelfondet (Sparebankstiftelsen Sparebanken Vest), fekk fjellstyret kr 60 000 i støtte til renoveringsarbeidet av Eriksbu.
- Røldal Næringsfond/fiskefondet, gav fjellstyret kr 10 000 i støtte til innkjøp av aureyngel i samband med fiskeutsettinga i Steggjavotna.



- I gjennom Kraftspirer (Lyse Kraft DA) vart fjellstyret tildelt kr 20 000 i støtte til nytt kjøkken og gasskomfyr på Ninive.
- I samband med renoveringa av Eriksbu, fekk fjellstyret utbetalt kr 165 000 av Sparebankstiftinga Hardanger og kr 140 000 frå Grunneigarfondet (Statskog).
- Fjellstyret søkte og om støtte til fiskeforbetrande tiltak i statsallmenning. Til dette vart fjellstyret tildelt kr 78 000 frå Grunneigarfondet (Statskog). Desse midlane vert ikkje utbetalt før prosjektet er ferdigstilt.
- Fjellstyret fekk også vederlagsfritt transportløyve av Røldal Grunneigarlag, samt gratis parkering av Røldal Bygdateneste.

Fjellstyret takkar for tildelingane, og håpar å bruke desse midlane til å gjere hyttene våre meir attraktive for brukarane våre, samtidig som me håpar å få til vellukka fiskeforbetrande tiltak.

## **Allmennyttige føremål**

Røldal Fjellstyre har i 2023 støtta følgjande allmennyttige formål:

- Kr 20 000 – Stiftelsen Redd villreinen (kor kr 5000 var grunnkapital)
- Kr 5 000 – Støtte til gjennomføring av Julatrefest 2023

## **Plastbåtprosjektet og anna opprydding på statsallmenninga**

Røldal Fjellstyre vart i 2023 inkludert i eit plastoppryddingsprosjekt (finansiert av Handelens Miljøfond), kor målet er å fjerne båtvrak, og anna tilhøyrande rask, frå statsallmenninga. For gjennomføringa av prosjektet, mottar fjellstyret eit gåve på kr 52 200.

Ambisjonen til Norges Fjellstyresamband er at fjellstyra skal ha ein «0-visjon for plast i fjellet». I løpet av sommaren brukte ein tida på å kartleggje det som ligg av båtar i fjellet. Fjellstyret trur ein fekk oversikt over alle båtane i løpet av sommaren, og at ein difor får avslutta prosjektet når båtane vert transportert heim i løpet av komande vinter.

Ein prioriterte i tillegg å bruke Hardangervidda fjelloppsyn til å rydde opp i nokre forsøpla lokalisjonar rundt Reinstjørna og Stavsnuten. Statskog gjekk med på ei kostnadsdeling for gjennomføringa av dette arbeidet, og vil dekkje inntil kr 16 000 av fjellstyret sine kostnader.

## **Breifonn statsallmenning**

Røldal fjellstyre har blitt oppmerksom på at fjellstyret ikkje formelt har rett til å forvalte bruksrettane til Breifonn statsallmenning. Dette på tross av at både Røldal fjellstyre har «administrert bruken og utnyttinga av rettar og lunnende» i alle år. Suldal fjellstyre har gjort tilsvarande for den delen av statsallmenninga som ligg i Rogaland fylke.

Røldal fjellstyre inngjekk eit samarbeid med Suldal fjellstyre for å formalisere noverande praksis. Gjennom ein felles innsats, fekk ein kommunestyra i Suldal og Ullensvang til å gjere vedtaka som er naudsynte for at fjellstyra skal få det formelle ansvaret for statsallmenninga, delt etter fylkesgrensa.

Status ved årsslutt, er at det etter kommunevalet i 2023 vart vald eit nytt fjellstyre. Vedtaket er no tydeleg på at Røldal fjellstyre skal forvalte bruksrettane for Røldal statsallmenning og Breifonn statsallmenning. Ein ventar framleis på tilbakemelding frå Statskog, på til dømes avgjersle rundt behov for fellesstyre for Breifonn statsallmenning.

## **Dugnad**

Fjellstyret må til slutt nytta høvet til å takke alle for den enorme dugnadsinnsatsen lagt ned i 2023.

## **9. Saker behandla i 2023**

### Styremøte 16. februar:

- Sak 01/23: Meldingssaker
- Sak 02/23: Eventuelt/informasjon hendingar sidan førre møte
- Sak 03/23: Godkjenning rekneskapen 2022
- Sak 04/23: Godkjenning Årsmelding 2022
- Sak 05/23: Vidareføring samjaktavtale HA290
- Sak 06/23: Organisering – vinteraktivitet 2023
- Sak 07/23: Vegen vidare på Midtfjellsvodlen
- Sak 08/23: Kostnadsdeling med Ullensvang FS – arkiv og fjellstyrekontor
- Sak 09/23: Fornye leigekontraktar med Statskog for Svandalsflona
- Sak 10/23: Fiskeforbetrande tiltak
- Sak 11/23: Stiftelsen Redd Villreinen – tilskot til grunnkapital
- Sak 12/23: Årsmøte i Røldal Grendahus

### Styremøte 28. mars:

- Sak 13/23: Meldingssaker
- Sak 14/23: Eventuelt/informasjon hendingar sidan førre møte
- Sak 15/23: Høyring villreinkvote og tiltak Hardangervidda 2023
- Sak 16/23: Status dugnad, hytter og stølar
- Sak 17/23: Utmelding av Røldal Grendahus SA
- Sak 18/23: Rypejakt/småviltjakt 2023/24
- Sak 19/23: Organisering av søknad til reinsløyver 2023


Styremøte 01. juni:

- Sak 20/23: Meldingssaker
- Sak 21/23: Eventuelt/informasjon hendingar sidan førre møte
- Sak 22/23 Fiskekultivering – vegen vidare
- Sak 23/23: Justering av fiskereglar
- Sak 24/23: Prøvetaking villreinjakt 2023
- Sak 25/23: Organisering av jakt på hjort og elg
- Sak 26/23: Røldalsmarknaden 2023
- Sak 27/23: Utleige fjellstyrehytter 2023
- Sak 28/23: Beiterreglar for Røldal statsallmenning

Styremøte 28. november:

- Sak 29/23: Meldingssaker
- Sak 30/23: Eventuelt/informasjon hendingar sidan førre møte
- Sak 31/23 Status hytter, stolar og båtar
- Sak 32/23: Førebels planar for 2024: dugnad/tenestekjøp av HF
- Sak 33/23: Førebuing nytt fjellstyre
- Sak 34/23: Digitalisering hyttebøker
- Sak 35/23: Oppsummering reinsjakta 2023
- Sak 36/23: Småviltjakt eventuelle justeringar for resten av sesongen
- Sak 37/23: Beiterreglar for Røldal statsallmenning
- Sak 38/23: Søknad om støtte til julatrefest

Røldal, januar 2024



Tor Helge Haara Tjemsland  
Leiar